

## Ei midlertidig dispensasjonsordning for tømmertransport

Eit «grønt skifte» i landet vil også seie ei sterkare satsing på skogen.

Transportkostnader for tømmer er relativt høge i Norge, særleg i kystskogfylka. Eksempelvis er det dokumentert at 66 % av dei kommunale vegane på Vestlandet (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) har ei tillate vogntoglengde på berre 12,4 meter, dvs. at det ikkje er tillate å køyre med tilhengar.

Det vil venteleg ta mange tiår før kommune- og fylkesvegar er rusta opp til akseptabel vegstandard (bruksklasse BK10 og vogntoglengde 24 meter). I mellomtida må det etablerast ei midlertidig ordning slik at ein kan køyre tømmer med bil og tilhengar og dermed unngå kipping (omlessing) av tømmer. Moderne tømmerbilar med bil og tilhengar er spesielt skånsomme med vegane. Hogst og transport vil ikkje føregå kvart år, og transporten kan i tillegg tilpassast årstid og døgn tid.

Inntil at kommune- og fylkesvegar med registrert låg bruksklasse og eller redusert vogntoglengde er rusta opp, ynskjer vi difor å innføre ei midlertidig dispensasjonsordning for tømmertransport.

Mvh

Lars Trygve Sæle  
Leiar Sogn og Fjordane Skognæringsforum

Erlend Haugen Herstad  
Politisk representant i fylkeskommunal styringsgruppe i Kysts skogbruket

Helge Kårstad  
Prosjektleiar infrastruktur i Kysts skogbruket